Marit Silje Årnes Husabø

Emne: VS: VS: Spørsmål til fylkesordførar - Fylkesutvalet 13.11.2019

Fra: Jon Askeland <Jon.Askeland@vlfk.no>
Dato: 14. november 2019 kl. 10:38:13 CET
Til: Bertil Søfteland <Bertil.Softeland@hfk.no>
Emne: VS: Spørsmål til fylkesordførar - Fylkesutvalet 13.11.2019

Oversendast fylkesutvala i Hordaland og Sogn og Fjordane.

Jon

Fra: Knut Inge Andersen <knia@equinor.com>
Sendt: onsdag 13. november 2019 08:18
Til: Jon Askeland <Jon.Askeland@vlfk.no>
Emne: FW: Spørsmål til fylkesordførar - Fylkesutvalet 13.11.2019

From: Knut Inge Andersen
Sent: onsdag 13. november 2019 08:17
To: Jon Askeland <jon.askeland@radoy.kommune.no>
Cc: Rune Haugsdal <Rune.Haugsdal@hfk.no>
Subject: Spørsmål til fylkesordførar - Fylkesutvalet 13.11.2019

Deloitte si rolle i samband med pågåande kontroll av Ferde

Kontrollutvala i Sogn og Fjordane og Hordaland bestilte den 3. september 2019 ein selskapskontroll av det regionale bomselselskapet Ferde. Kontrollen er under gjennomføring av revisjonsselskapet Deloitte, som fylkeskommunane har rammeavtale med. Granskinga vil måtte sjå nærare på selskapet sine innkjøp frå selskap der eigne tilsette står som eigarar og interne rutiner for registrering av slike bindingar. Om Ferde har eit etisk regelverk er ikkje opplyst. Men selskapet sine verdiar framgår av årsmeldinga for 2018 : Open, påliteleg, etterretteleg og nyskapande.

Deloitte er engasjert av fylkeskommunane gjennom kontrollutvala for å gjennomføre denne kontrollen. Deloitte er samstundes Ferde sin revisor. Eit sentralt spørsmål er om eventuelle regelverksbrot i samband med innkjøp ikkje burde vore oppdaga av Deloitte då dei gjorde sin revisjon. Slike tilhøve vart som kjent ikkje påpeika.

Finanstilsynet sin seksjonssjef Kjersti Elvestad meiner dobbeltrolla som Deloitte har sett seg i er uheldig. Ein kan også velje å sjå det slik at det er kontrollutvala i Sogn og Fjordane og Hordaland som sjølv set Deloitte i ein uheldig dobbeltrolle når ein vel å bestille granskinga der.

Det må ikkje hefte tvil ved dei undersøkingane som no pågår rundt Ferde. Dette også av omsyn til selskapet og dei tilsette i Ferde. Rapporten frå kontrollen skal handsamast av fylkestinget i Vestland på nyåret. Utan å gripe inn i kontrollutvala sitt arbeid, **meiner fylkesordføraren det kan vere grunnlag for å etterspørje relevant forvaltningsnivå om ei ny vurdering når det gjeld bruk /ikkje bruk av Deloitte til dette oppdraget**?

Knut Inge Andersen

Folkeaksjonen Nei til meir bompengar - Vestland

90584170

The information contained in this message may be CONFIDENTIAL and is intended for the addressee only. Any unauthorized use, dissemination of the information or copying of this message is prohibited. If you are not the addressee, please notify the sender immediately by return e-mail and delete this message.
Thank you